

Saksbehandlar: Marianne Bugge, Fylkesrådmannen, Ragnhild Berge Feidje, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/7724-47

Revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (handelsføresegn med retningslinjer)- endeleg vedtak

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Regional handelsføresegn med retningslinjer vert vedteken slik den ligg føre.

Vedlegg:

1. Regional handelsføresegn med retningslinjer, framlegg til endeleg vedtak
2. Oppsummering av innkomne høyringsinnspel

Andre relevante dokument i saka:

1. Utsendingsbrev til høyringsinstansar. Saks nr. 18/7724 - 20
 - a. Vedlegg til utsendingsbrev: Regional handelsføresegn med retningslinjer - høyringsutkast
2. Fylkesutvalet 09.05.2019 Protokoll vedtak om utlegging til offentlig ettersyn. Saks nr. 18/7724 - 21
3. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Vik kommune, mottatt 23.05.19.
4. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Tide AS, mottatt 19.06.19.
5. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, mottatt 21.06.19.
6. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Aurland kommune, mottatt 24.06.19.
7. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Statens vegvesen Region Vest, mottatt 28.06.19.
8. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre, mottatt 03.07.19.
9. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Arco Vest AS, mottatt 09.07.19.
10. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Sunnfjord Venstre, mottatt 22.07.19.
11. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Kaupanger Næringsforening, mottatt 26.07.19.
12. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Eid og Selje, mottatt 31.07.19.
13. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Stryn kommune, mottatt 13.08.19.
14. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Vågsøy kommune, mottatt 23.08.19.
15. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Askvoll kommune, mottatt 30.08.19.
16. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Fylkesmannen i Vestland, mottatt 30.08.19.
17. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Hordaland fylkeskommune, mottatt 30.08.19.
18. Høyring – handelsføresegn med retningslinjer. Høyringsuttale frå Førde kommune, mottatt 06.09.19.

Revidert regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter, tidlegare omdøpt til regional handelsføresegn med retningslinjer, har vore til offentleg ettersyn (jf. FU-sak 37/2019), og i samband med høyringa er det kome 16 fråsegner med totalt 48 innspel.

Fylkesrådmannen har vurdert innspela i fråsegnene, og tilrår å ta 13 av innspela til etterretning, 6 delvis til etterretning, 15 ikkje til følgje og 14 til orientering. Oversikt over innspela og tilrådd oppfølging ligg i vedlegg 2, medan regional handelsføresegn med retningslinjer (der tilrådde endringar er innarbeida, og er markert med **raud skrift**) er å finne i vedlegg 1.

1. Samandrag

Fylkestinget vedtok 12.06.2018 (sak 29/18) at «Arbeidet med revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter vert starta opp hausten 2018». I vedtak i fylkesutvalet 26.09.2018 (sak 100/2018) vart planprogrammet for regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (handelsføresegna) lagt ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet vart vedtatt av fylkesutvalet 03.12.2018, i sak 136/2018. Etter vedtak i FU møte, 09.05.19, sak nr. 37/2019, vart utkast til handelsføresegn med retningslinjer lagt ut på høyring.

Revidert handelsføresegn med retningslinjer byggjer på senterstrukturen som vart vedtatt i Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, i fylkestinget i april 2018. I tillegg gir handelsføresegna føringar for å oppfylle statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Handelsføresegna består av tre delar:

- planføresegna, som er juridisk bindande
- retningslinjer, som er førande, og som understøtter og tydeleggjer planføresegna
- definisjonar, som klargjer ord og omgrep nytta i planføresegna og retningslinjene

2. Bakgrunn for saka

Bakgrunnen for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter er – på politisk side – oppsummert til at den kan vere eit hinder for større/ønskjelege handelsetableringar i sentrumsområda i tettstadane i fylket.

Sentrale problemstillingar

Ei sentral problemstilling for arbeidet er korleis ein skal balansere ønskje om ei føresegn som ikkje er til hinder for større handelsetableringar i og utanfor sentrum mot nasjonale og regionale føringar for klima og miljø, regional konkurranse, arealbruk og stadutvikling.

Andre opplysningar

Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter vart ved vedtak av planprogrammet døpt om til «Regional handelsføresegn». Dette for å gjera namnet på føresegna enklare, og likevel tydeleg på kva det dreier seg om.

3. Handsaming av høyringsinnspel

Det har kome inn 16 fråsegner med totalt 48 innspel.

Under har vi drøfta dei viktigaste innspela til høyringa. Vi viser elles til vedlegg 2 for ei samla oversikt og framlegg til endringar i handelsføresegna. Endringane er markert med raud skrift i vedlegg 1.

Nokre av innspela gjeld presiseringar, eller mindre endringar, for å tydeleggjera innhaldet. Desse innspela er i all hovudsak inkludert i teksten. Fleire av innspela nemner mellom anna at ein bør bruke «skal» i staden for «bør» i retningslinjene.

I tillegg er det kome innspel om å inkludere universell utforming, klima, miljø og jordvern både i mål og retningslinjer. Fleire har og peika på at retningslinjene må ha eit fokus på trafikksikkerheit og tilrettelegging for mjuke trafikantar. Mål knytt til klimaomstilling, universell utforming og trafikktryggleik er inkludert i handelsføresegna. Jordvern og tilrettelegging for gange og sykkel var med allereie i målformuleringa. Erstatning av matjord ved utbygging på matjord er inkludert i retningslinjene. Det er òg tilrettelegging for universelt utforma møteplassar, og aktivitet i sentrumsområde.

Fleire kommunar og organisasjonar meiner dei er i ei særstilling når det gjeld handel, og difor ynskjer ei særstilling i handelsføresegna. Dette gjeld mellom anna særskilde tilhøve som store sesongvariasjonar på grunn av turisme, eksisterande handelsområde utanfor sentrumsområde og kommunar som ikkje har BAS-tettstad. For å imøtekoma ønskje om ei vurdering knytt til særskilde tilhøve, er det lagt inn ei føresegn under punkt 1.3, siste ledd:

Fylkeskommunen kan etter søknad godkjenna handelsetablering i reguleringsplan eller utbyggingsplan som går ut over råmene sett i tabell 1, i samråd med fylkesmannen i Vestland. Handelsanalyse, etter punkt 2.1 i retningslinjene, skal følgja søknad om godkjenning.

Dette gir ei opning til å få vurdert særskilde tilhøve kring lokalisering av ny, eller utviding av eksisterande handel som ikkje er innanfor råmene sett i handelsføresegna.

Ei tilsvarende godkjenningsordning er lagt inn for utviding av eksisterande eller lokalisering av nytt samla bruksareal for handel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve som overstig 3000 m², jf. punkt 1.3, nest siste ledd.

Det kom innspel om å klårgjera tilhøvet kring Leikanger som administrasjonsstad. Fylkesrådmannen tilrår at Leikanger som administrasjonsstad i tabell 1.2 i handelsføresegna vert endra til Hermansverk. Hermansverk er òg kommunesenter i dagens Leikanger kommune. Ut ifrå dette er det Hermansverk som kan etablera maks. 2.000 m² detaljhandel innanfor sentrumsavgrensinga ved nyetablering og utviding av handel (BRA-bruksareal). Leikanger er lokalsenter (bygd), og kan etablera maks. 1.000 m² detaljhandel innanfor sentrum ved nyetablering og utviding av handel (BRA-bruksareal), der minimum 80 % av vareutvalet og omsetnaden er daglegvare.

Å unngå lokalisering som er i strid med Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging låg i høyringsutkastet til handelsføresegn under overskrifta *strategi*. Det kom i høyringsrunden innspel om at Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing og må med som ein del av krava som handelsføresegna skal innordna seg. Vi har vurdert at desse to statlige planretningslinjene er å sjå på som nasjonale føringar for handelsføresegna, og at det ikkje vert rett å setja dei under overskrifta *strategi* i handelsføresegna. Forslaget er derfor å ta det ut.

4. Konklusjon

I samband med høyringa har det kome mange gode og konkrete innspel som har bidrege til å kvalitetssikra handelsføresegna. Høyringsinnspela og tilrådingane frå fylkesrådmannen er summert opp i vedlegg 2. Forslag til endringar i handelsføresegna med retningslinjer er markert med raud tekst i vedlegg 1.